

119 hjortar felt i Uskedalen, fellingsprosent 85,6

09.12.2009



Kvinnherad har nok ein gong sett norsk rekord i felte hjortar- med 1.180 dyr og ein fellingsprosent på 86,5. Og Uskedalen har i høgste grad bidrige til det gode resultatet - med 119 felte hjortar og ein fellingsprosent på 85,6.

Det opplyssar vilftforvaltar Leiv Trygve Varanes til uskedalen.no.

Det var tillatt felt 139 hjortar i vårt område denne gongen medan det vart delt ut 1364 løyve i heile kommunen.

Varanes slår fast at det var ein relativt jamn fordeling mellom valda i Uskedalen - utan store utslag i nokon retning.

Både totaltalet og fellingsprosenten i Kvinnherad er den høgaste til no og det er truleg også tilfelle i Uskedalen. I fjor var det felt 98 dyr her.

I kommunen som heilheit var det for første gongen ein ørliten overvekt av hodyr, 50,3 prosent. Det har også vore ein gunstig fordeling mellom aldersgruppene med 53,5 prosent ungdyr eller kalv, 24,2 porosent eldre koller og 22,35 prosent eldre bukkar.

Det kan skje mindre justeringar mellom klassane etter kontroll av innsendt kjevemateriale, seier Varanes til Kvinnheringen.

På biletet over sit Svein Ottar Rørheim med dei første tre hjortane han felte denne hausten.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)